



Mange kom for å stemma frå kl.16 og utover

Det var stor pågang i røystelokalet i Aktivitetshuset etter at det opna for førehandsrøysting kl.16 i ettermiddag. Då Uskedalen.no var til stades dei første 20 minuttane var det ein jamn straum av uskedelingar ved stemmeurna. Røystelokalet held ope i 3 timar fram til kl.19 i kveld.

Med denne førehandsrøystinga er det lagt opp til eit godt tilbod i Uskedalen etter at det kom fram misnøye med ordninga som var ved kommune- og fylkestinget for 2 år. Det var gledeleg å registrera det gode frammøtet, og sjølv om det heile tida var kø, gjekk røystinga raskt og greitt unna. Det var Geir Mogren og Anne Berit Malkenes Skeie frå Kvinnherad kommune som organiserte valet.

Førstemann til å røysta var Kristian Bringedal, og etter han fulgte altså uskedelingane som perler på ei snor. Det teiknar altså til eit godt frammøte, men dersom ein ikkje får røysta i dag, er sjølv sagt toget ikkje gått. Ein kan m.a. stemma valgdagen, eller nytta seg av andre valgordningar som valstyret har publisert. Røysting på Biblioteket på Husnes er eit godt alternativ, ope i biblioteket si opningstid og det til og med på laurdagar.

Like etter at røystelokala stengde kunne Geir Mogren melda om at det var 290 som røysta under førehandsrøystinga i Uskedalen torsdag. Det vert temmeleg nøyaktig 100 i timen, eit tal som må seiast å vera svært bra.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland